



NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.: 2026/543-3	Sakshandsamar: Inge Olav Fjalestad inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no	Dato 21.05.2026
-------------------------	---	--------------------

DETALJPLAN FOR RESTAURERING AV GYTEOMRÅDER VED VASSENDEN BYGLANDSFJORDEN - HØYRINGSSVAR BYGLAND KOMMUNE

Vi syner til dykkar høyring av detaljplan for vidare restaurering av gyteområder ved Vassenden i Byglandsfjorden, dykkar **referanse 202504892**.

Kommunen er svært positiv til tiltak som kan betre forholda for bleke i Otravassdraget. Bleke var ein viktig matressurs før reguleringa. Etter reguleringa er bestanden sopass redusert at vi ikkje kan fiske bleke for matauk. Kommunen ynskjer å marknadsføre bleke som ein særeigen fisk som ein kan fiske etter i Bygland. Etter at ein slutta med utsetting av bleke er bestanden så redusert at ein pr. i dag ikkje kan marknadsføre bleke som ein art det kan fiskast etter.

Med bakgrunn i høyringsdokumentet er formålet med tiltaket å sikre naturleg rekruttering og livskraftig blekebestand innan 2030. Dette gjerast ved å auke blekas tilgang til skjulestader og gyteområder, redusere negative effektar av regulering og forsuring og redusere fare for tørrlegging av gyteområder.

Tiltaksplan for bleke ved Vassenden

Alle tiltak er planlagt utført ved låg vassstand, før bleka gyter i desember, og alle tiltak føregår under 200 moh. Tiltaksplanen går ut på:

- Tiltak 1 Senking av tørrlagte grusvollar og banker med gravemaskin.
- Tiltak 2 Utlegging av 300 tonn gytegrus med maskin eller helikopter.
- Tiltak 3 Ripping/harving av elvebotnen med gravemaskin.
- Tiltak 4 Restaurering ved nåledammen. Fjerne heilt eller delvis gamle betongfundament.
- Overvaking

(Å fjerne den gamle nåledam heilt eller delvis – dette gjeld berre for Evje og Hornnes kommune)

Våre kommentarar til tiltaksplanen er punktvis summert under. Der det som omhandlar bleke gjeld for heile tiltaksområdet, medan forhold knytt til plan- og bygningslova omhandlar vår uttalen tiltaka i Bygland kommune.

Oppveksthabitat.

Ved restaurering av oppveksthabitat er det foreslått å legge ut trerøter eller stein/blokker i elvebotnen. Kommunen ynskjer ikkje bruk av trerøter i elva, då dette kan vanskeleggjer utøving av fiske, særleg ved bruk av garn og not.

Habitatkartlegging.

Kommunen meiner det bør utarbeidast eit habitatkart for elveprofilen i Vassenden. Kartlegginga bør vise fordeling av sentrale habitatkategoriar, inkludert: elvas *substrat* (fordeling av finsediment, stein/blokk, fast fjell), *vasshastigheit*, *djupneforhold* og eksisterande kjende *gyte områder*. Dette vil styrkje kunnskapsgrunnlaget og gi eit betre grunnlag for prioritering av tiltak. Eit slikt kart vil og vere eit nyttig verktøy for forvaltninga, mellom anna i reguleringsarbeid og arealplanlegging.

Overvaking gytegroper.

Kommunen er positiv til vidareføring av eksisterande tidsseriar basert på prøvetaking av rogn frå gytegroper i tiltaksområda. Desse tidsseriane, som strekkjer seg tilbake til 2010, utgjer eit viktig kunnskapsgrunnlag for å følge utviklinga i gyteaktivitet og eigenrekruttering over tid. Samtidig vil kommunen peike på at prøvetakinga så langt i hovudsak har vore avgrensa til lokalitetar tilgjengelege ved snorkling, ned til om lag 2 meters djup (ca. 4,5 meter under HRV). Dette inneber at datagrunnlaget i stor grad speglar tilhøva i grunne område, og i mindre grad fangar opp gyteaktivitet i djupare delar av vassdraget.

I tiltaksplanen er det lagt vekt på å styrke gyteområde i djupål, noko kommunen vurderer som både viktig og riktig. For å sikre eit tilstrekkeleg og representativt kunnskapsgrunnlag, er det naudsynt å etablere metodikk som også omfattar prøvetaking av rogn på større djup, anslagsvis i intervallet 4,5–10 meter under HRV.

Dette er særleg relevant for område som Vassenden, der kunnskapen tilseier at gyte- og oppvekstareala i stor grad er knytt til djupare vatn. Ei kartlegging avgrensa til grunne område vil kunne gi eit skeivt bilete av gyteaktiviteten og dermed et mindre treffsikkert grunnlag for prioritering og utforming av tiltak.

På denne bakgrunn tilrår kommunen at:

- metodikk for kartlegging og prøvetaking av gytegroper på større djup vert innarbeidd i tiltaksplanen
- det vert lagt til rette for samanliknbare dataseriar på tvers av ulike djup

Ei slik utviding vil gi eit meir heilskapleg kunnskapsgrunnlag og styrke effekten av dei planlagde tiltaka.

Bestandsstatus og nedstraums vandring.

Under kap. 5- 5.3 at det er foreslått langsiktig oppfølging av tiltak i forhold til bestandsstatus. Dette er viktig, og vil understreke overvakinga også må omfatte vassdraget nedstraums dam Byglandsfjord, som i dag fungerer som eit absolutt vandringshinder.

For å vurdere effekten av tiltaka er det avgjerande å dokumentere kor stor del av rekrutterte ungfisk og gytefisk av bleke som vandrar nedstraums og passerer dammen. Nedvandring forbi dam kan representere eit vesentleg tap for bestanden, då fisken i praksis ikkje kjem attende til Byglandsfjorden. Dette gjeld særleg bleke, der ein allereie sårbar bestand kan få redusert reproduksjonspotensial dersom ein betydeleg del av gytemodne individ går tapt nedstraums.

For å kunne kvantifisere dette tapet og betre forstå tiltaka sin effekt på den langsiktige bestandsutviklinga i fjorden, er det nødvendig å etablere et overvakingssystem knytt til nedstraums vandring. Programmet bør omfatte registrering av mengde merket og umerket fisk som vandrar nedstraums, tidspunkt for vandring og livsstadium hos individa. Slike data vil gjera det mogleg å berekne årlege tapstal og utvikle gode indekser for kor stor del av produksjonen som faktisk blir verande i systemet.

Kunnskap om nedstraums vandring er avgjerande av to hovudgrunnar:

1. Vurdering av reell rekruttering: Auka eigenrekruttering vil ha avgrensa effekt dersom store delar av produksjonen forlét systemet permanent.

2. Vurdering av gytebestandsstorleik: Feilvandring nedstraums kan redusere gytebestanden uavhengig av tiltaka.

Langsiktige tidsseriar som dokumenterer trendar i nedstraums vandring vil difor vere eit viktig supplement til andre overvakingsdata i Byglandsfjorden. Slike dataseriar vil leggje til rette for ei meir heilskapleg vurdering av tiltakseffektar, samstundes som dei gir eit fagleg grunnlag for eventuelle justeringar eller nye tiltak retta mot å avbøte nedstraumstap.

Merking av gytefisk.

Kommunen meiner det i tiltaksplanen bør leggjast opp til jamlege vurderingar av om talet på merka individ er tilstrekkeleg til å gi robuste data, og at dette vert sett i samanheng med fortløpande resultat frå overvakinga.

Restaurering ved Nåledam (tiltak 4).

Kommunen meiner at restaureringstiltak ved den gamle nåledammen bør prioriterast og innarbeidast som eit ordinært tiltak i tiltaksplanen, og ikkje stå som ein opsjon avhengig av restmidlar.

Området vert vurdert som særleg interessant fordi det har relativt stabil vasstraum, som følgje av plasseringa like oppstraums dam Byglandsfjord. Dette gir området eit særleg potensial som gyte- og oppveksthabitat for bleke.

Kommunen meiner området bør vurderast nærare gjennom hydrauliske målingar og analysar for å avklare det reelle potensialet samanlikna med andre tiltaksområde. Ei slik kunnskapsbasert vurdering kan tilseie at restaurering ved nåledammen gir høgare økologisk gevinst enn enkelte planlagde tiltak i meir stillestående område.

Erosjon.

Kommunen vil peika på at tiltak som inneber senking av grusvoller og bankar kan endre straumtilhøva i elva. Det er viktig at det gjennomførast vurderingar av erosjonsrisiko før slike tiltak vert iverksett. Bygland kommune har saman med Otteraaens Brugseierforrening ansvar for vedlikehald av erosjonssikringstiltak (nr. 32) utført sør på Vassendøya.

Forhold til «vann-nett»

Kommunen er av den oppfatning at tiltak som det planlagde og andre liknande, bør leggst inn som tiltak i vann-nett i samband med rullering av den regionale vassforvaltningsplan, i tråd med vassforskrifta.

Forhold til plan- og bygningslova i Bygland kommune

Bygland kommune gjer merksam på at tiltak skal utførast i eit område av Otra der kommunegrensa går i Otra, Bygland kommune er på aust-sida av vassdraget og Evje og Hornnes kommune er på vest-sida av vassdraget. Bygland kommune gir innspel for tiltak innafor vår kommunegrense. NVE må òg be Evje og Hornnes kommune om høyringssvar for tiltak i Evje og Hornnes kommune.

Planstatus:

Gjeldande arealplan for tiltak i vassdrag og på land er kommuneplanens arealdel som er vedteken den 19.6.2025.

Arealformål vassareal


Vassarealet i det aktuelle området er stort sett avsett til arealføremål bruk og vern av vassdrag, BSV, med hensynssone H560-2 bevaring av naturmiljø. I føresegner til kommuneplanen står følgande:

4.2.2 Omsynssone bevaring naturmiljø H560



Gyte- og oppvekstområde for bleke.

Retningsline:

- i. Før eventuelle tiltak og inngrep i områda, så skal Bygland kommune uttale seg og bistå med å finne løysingar som tar i vare bleka sitt gyte- og oppvekstområde.



I området ved Byglandsfjord Stasjon er det planlagt ripping, her er det i kommuneplanen regulert inn moglegheit for å bygge båtbryster .



I området ved Senumsbrua er det planlagt utlegging av gytegrus, her er det i kommuneplanen også regulert inn moglegheit for å bygge båtbryster

Oppsummert ved tiltak i vassareal:

- 1) Ved dei to områda som er nemnt over, må ein ta ei ekstra vurdering på om ripping og utlegging av gytegrus vil kome i konflikt med båtbryster, evt. om det kan vere kombinert bruk. Dersom det ikkje er konflikt mellom planlagde tiltak og båt plass er dette vurdert til å vere i samsvar med kommuneplans arealdel.
- 2) Planlagte tiltak i vassareal, slik som senking av grusvoll, utlegging av gytegrus og ripping i Bygland kommune og innafor hensynssone bevaring naturmiljø er vurdert til å vere i samsvar med kommuneplans arealdel.

Arealformål landareal:

Landareal som blir berørt er avsett til LNF-område og så langt ein kan sjå er det berre ein stad i Bygland det skal vere tilkomstveg/anleggsveg frå Rv 9, det er over gnr. 69, bnr. 3 ved Surtefoss.

Med helsing
Bygland kommune

Aslak J. Brekke
Leiar samfunnsutvikling

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.